

Telenorkarusell og stor skifest i Fjellhaugen

15.03.2007



Dei ynskjer vel møtt til den andre runden i telenorkarusellen søndag: Leiar Cathrine Haugland, nestleiar Bjørn Olav Tveit og altmogelegmann Steinar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Søndag arrangerer Uskedalen IL andre del av Telenorkarusellen i Fjellhaugen og ynskjer å laga ei spesiell og festleg ramme rundt dagen. Det blir utdeling av frukt og fellesoppvarming til musikk. Rennet er for born opp til 12 år. Det er ikkje nødvendig å ha delteke i første del for å kunne vera med i skifesten.

Telenorkarusellen er resultatet av eit samarbeid mellom Norges Skiforbund og Telenor for å auka rekrutteringa til skisporten. 150 av 280 lag som sökte om arrangementet fekk det og eitt av dei var altså Uskedalen IL.

Det første rennet gjekk 8. februar. Alle som deltek i to renn får ein Telenorsekk i premie og både dei som går eitt og dei som er med på to renn får medaljar og diplomar.

Heile rennet går føre seg inne på stadionområdet og løypa er ein kilometer. Aldersgruppa opp til åtte år går eit tradisjonelt barneskirenn medan dei mellom ni og 12 får prøva seg på langrennssprint, som har vorte så populært i det siste.

Opprinnleget var rennet for dei mellom seks og 12 år, men ramma er utvida. Det krevst ikkje at dei som er med skal nytta ein bestemt teknikk.